

Til ungdomsskulane i Hordaland

Dato: 02.10.2018
Vår ref.: 2018/14541-2
Saksbehandlar: eliwik
Dykkar ref.:

Namneliste/fødsels- og personnummer for elevar på 10. trinn

I samband med at elevar på 10. trinn har rett til vidaregåande opplæring frå skuleåret 2019/2020, ber vi om å få tilsendt følgjande data på elevane:

- fødsels- og personnummer
- etternamn/fornamn (kun ved innsending av manuelle lister)

Vi skal **ikkje** ha adresse, telefonnummer eller andre opplysningar om eleven.

Datatilsynet krev no at eleven skal gje skulen skriftleg samtykke for overføring av fødselsnummer. I samband med innhenting av fødselsnummer, og seinare halvårskarakterar, må skulen opplyse elevane om dette, og få skriftleg reservasjon frå dei som ikkje ønskjer at dette blir overført til Inntakskontoret.

Det må også opplysast at ein slik reservasjon vil medføre at ho/han ikkje får registrert søknaden sin i Vigo.no, og at fødsels- og personnr. uansett må registrerast dersom ein søker vidaregåande opplæring manuelt via papirskjema.

Overføringa av fødsels- og personnummer til Inntakskontoret skal gjerast på vigoportalen.
(<https://www.vigo.no/vigor/servlet/main>)

Skular som på grunn av manglande datasystem ikkje kan overføre fødselsnummer elektronisk, kan sende dei aktuelle data på papir.

Evt. spørsmål kan rettast til Elin Meyer Wikan, tlf. 489 97 384 eller e-post: elin.wikan@hfk.no

Innsendingsfrist: 26. oktober 2018

Takk for hjelpa.

Med helsing

Elin Meyer Wikan
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.